

Høyrer du vargen? - 2016

Høyrer du vargen?

Han luskar kring meg

Eg er ein sau, og han vil ete meg

Han vil bite av meg hovudet,

og selje det.

Som den delikatessen eg er

Høyrer du rovdyra?

Dei luskar kring meg

Eg er ein sau, og dei vil ete meg

Med kål og peppar og nypotet

Der dei sit på sin norske rumpe

og min eige luksus-skinnefell

Hysj

Høyrer du vargen?

Han høyrer ikkje deg eller meg.

Han høyrer ikkje,

han vet ikkje!

At med kål

og peppar

og nypotet,

er eg

verdt hans død.

Hysj

Høyrer du vargen?

Han luskar kring deg

Du er ein stakkarsleg, dum sau

Du kan ikkje forsvare deg

Der du sitt på din tjukke, norske ræv

og ulvens luksus-skinnefell

*

Memories - 2014

They belong to the past

yet remain so precious

How come something so distant

are what we honour the most

I manns minne - 2018

Det fortidige står

høgast

rørsler om hjartet

og gjer løyve

for nærleik

Men kven

i sitt hav av minner

tek vare på framtida?

Med ein fot i dippen - 2017

Eg tråkkar i salaten
Eg går litt i salaten
– eg trør vidare i salaten!

Er han ikkje litt blaut,
salaten?

Eg står i salaten
Eg kjenner eg søkk ned i salaten
Eg smakar
på salaten

Han er ikkje så god
salaten
Blaut og sur og... grautaktig?

Eg har trødd i mange salatar,
men no står eg i noko anna!

Eg ser varsamt ned,
på foten i dippskåla.
Eg ser varsamt opp,
på deg.

Du står der
med ein pose potetgull i handa
Eg står her
med ein fot i dippen

Du ler,
og eg ler med deg.

*

Sudla - sangtekst, på rørosmål - 2020

En ska it' skue hunden på håra

Men katta, ho mæl godt

Og når gjeten kjem

da kjem det fortjente

Men sudla-di

sudla du-di-da

Sudla, såvå, vagga

Gjet, hell katte og hund'hår med

- bety it' nåe no

Han far sa vi skull' stable gjetskit

Men gjeten gjer det sjøl

Fer når gjeten kjem, da kjem det fortjente

Men sudla-di

sudla du-di-da

sudla, såvå, vagga

Gjet, hell katte, og hund'hår med

det bety it' nåe no

En ska it' skue hunden på håra

men katta, ho søv godt

Og når gjeten kjem, da kjem det fortjente -

Men søvnen, han kjem først

For søvnen, han kjem først